

KARMØY KOMMUNE

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dato: 29.08.2023

Saksnr.: 2019/33953

Dok.nr.: 68

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 86 bnr 1 og 242 - Avaldsnes middelalderruin
- id 34379-6 - søknad om dispensasjon frå KML § 8, 1. ledd - vedtak****Konflikt med kulturminne ID 34379-6**

Vi viser til søknad datert 20.02.2023 om tillating til fire tiltak på mellomalderruinen på Avaldsnes. Tiltaka inneber direkte inngrep/arbeid på dei automatisk freda murane med ID 34379-6.

Vi viser også til Riksantikvaren sitt vedtak som gjeld fastsetting av utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne, jf. kulturminneloven § 10 første ledd (sjå vedlegg). Tiltaket er i konflikt med ruin frå mellomalderen og som er automatisk freda i medhald av lov 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminneloven) § 4 første ledd.

Lovheimel og myndigheit

I medhald av kulturminnelova §3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode, med mindre det ligg føre ei tillating etter kulturminnelovas §8. Etter forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4, har Rogaland fylkeskommune myndigheit til å gi ei slik tillating basert på tilrådingar frå gjeldande forvaltingsmuseum og/eller annan fagleg relevant instans – her NIKU.

Fylkesdirektøren er vidare delegert denne myndigheita, jf. delegasjonsreglementet for Rogaland fylkeskommune. Riksantikvaren har myndigheit etter forskrifta § 2 (1) til å fastsette omfanget og kostnader i eige vedtak, basert på vedtaket og vilkåra fylkeskommunen har gitt.

Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 fyrste ledd fattar fylkesdirektøren følgande vedtak:

I samband med restaureringsarbeid på mellomalderruinen på Avaldsnes gir Rogaland fylkeskommune med dette løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne – mellomalderruinen på Avaldsnes, ID 34379-6 som inneber å gjennomføre fire tiltak.

1: Demontere mur for å kunne rense fram og sikre dreneringsgrøft under den austre ruinmuren. Demontering av mur kan gjerast av murarane på staden, og skal

dokumenterast med fotografi og skildring før arbeidet tar til, under prosessen og etter/ved ferdigstilling.

2: Grave ut område aust for ruinmuren (1meter x 1 meter) for å kunne påvise i kva grad dreneringsgrøfta leier vidare på utsida av austmuren og for igjen å legge til rette for å drenerare vatnet vidare austover.

3. grave grøft for å leie bort vatn

4. Rense parti av mur for etablering av drenering

Løyvet gjeld berre dei tiltaka det er søkt om, og fell bort dersom tiltaka ikkje er sette i verk innan 2 år frå dette brevet er motteke.

Vilkår

Løyvet vert gjeve på følgande vilkår:

- I gjennomføringa av tiltak 1 skal ein tilstreba å få den originale murkarakteren når muren skal løast opp igjen.
- Arbeidet med muren skal dokumenterast før, under og etter utføring.
- Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) skal utføre ei arkeologisk gransking av dei berørte kulturminna i form av overvaking i kombinasjon med utgraving som skildra i vedlagt prosjektbeskrivelse, datert 23.06.2023. All graving under muren skal gjerast av arkeolog, utanom graving utanfor muren mot aust. Der skal arbeidet overvakast av arkeolog.
- Dersom gravearbeidet på utsida av muren viser seg å komme i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, vil fylkeskommunen etter tilråding frå NIKU vurdere om og med kva for vilkår tiltaket kan fullførast. Riksantikvaren må eventuelt fatte eit nytt vedtak om omfang og kostnader dersom fylkeskommunen avgjer vidare gransking i eit nytt vedtak etter kulturminnelova § 8.
- Ved behov kan breidda og djupna på grøft utvidast under overvaking av arkeolog frå NIKU, under føresetnad av at det kun er moderne eller tidlegare omrota massar som vert berørte.
- Dersom det under arbeidet dukkar opp element som heng saman med ruinen sin konstruksjon, eller andre uforutsette funn, skal Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune bli kontakta for vurdering av vidare framdrift og eventuelt behov for ny tillating.
- Dersom ein under arbeidet møter på automatisk freda kulturminne som ikkje er dekte av dette vedtaket, og arbeidet ikkje kan gjennomførast utan inngrep i desse, skal arbeidet straks stansast og fylkeskommunen skal kontaktast. Rogaland fylkeskommune vil då avgjere om og på kva måte arbeidet kan fortsette jf. kulturminneloven § 8 første og andre ledd.

Tiltakshavar pliktar å ha ansvaret for tryggleiken knytta til graveområdet. Tiltaka skal gjerast på ein skånsam måte.

Skildring av kulturminnet

Ruin frå mellomalderen som er tolka som fysiske spor av ein kongsgard i høgmellomalderen. Anlegget består av minst to steinbygningar frå høgmellomalderen og er forbundne med Olavskyrkja. Ruinane ligg like SSV for Olavskyrkja.

Skildring av dei omsøkte tiltaka

Ruinen skal konserverast og landskapet rundt skal tilpassast på ein skånsam måte slik at ein får ei god formidling av anlegget.

Det vert i denne søknaden søkt om fire tiltak:

Tiltak 1 - Rense fram dreneringsgrøft under austre ruinmur. Austmuren i ruinen sin kjellardel står for tur i konserveringsarbeidet. Mesteparten av denne delen av muren må demonterast før den kan konserverast (markering 1 i vedlegget – notat dreneringsplan – notat). Det vil gi tilgang til dreneringsgrøfta som går under muren. Det er behov for å åpne grønfta ved å rense bort jord, slik at vatnet kan ledast vidare mot aust.

Dreneringsgrøfta i ruin A12 vart avdekka og undersøkt i 2020 av NIKU i samband med ruinkonserveringa, og datert til tidleg mellomalder. Etter utgravinga i 2021 stoppa arkeologane ved dette nivået etter å ha blottlagt dreneringsgrøfta. I 2022 overvaka NIKU opprensing av ein del av grønfta mot vest og graving i samband med første del av istandsetting av dreneringsgrøfta gjennom søndre kjellar i ruinen. I samband med arbeidet med ruinkonserveringa har det oppstått behov for å grave ytterlegare for å drenere vatn bort frå ruinen.

Tiltak 2 - Grave ut område aust for austmuren Det aktuelle området aust for muren er 1 meter x 1 meter (markering 2 i vedlegget notat dreneringsplan). Det er behov for å grave ut dette området for å kunne påvise korvidt dreneringsgrøfta leder vidare på utsida av austmuren, og for å legge til rette for å drenere vatnet vidare austover.

Tiltak 3 - Grave grønft for å leie bort vatn. Det er behov for å lage ei mindre grønft for å leie vatnet til det punktet kor terrenget fell (markering 3 i vedlegget – notat dreneringsplan). Dette vil gjere dreneringa av vatnet bort frå denne delen av ruinen komplett.

Tiltak 4 - Rense parti av mur for etablering av drenering. Det er behov for å etablere gjennomføring av drenering av vatn frå vestsida av muren og over til aust. Området vest for muren ender i ein krok, som er lågeste punkt i denne delen av ruinen. Partiet av muren som det er planlagt å leie vatnet gjennom har allereie i dag eit opphald i murverket kor det manglar stein. Dette er derfor den best eigna staden for dreneringsgjennomføring, sidan det medfører minst mogleg inngrep i muren. Her er mulig behov for sjakt under muren (markering 4 i vedlegget – notat dreneringsplan).

NIKU sine merknader og tilråding (utdrag frå brev datert 23.06.2023):

NIKU tilrår at all graving vert utført av arkeolog, utanom graving utanfor muren, mot aust, der gravearbeidet skal overvakast av arkeolog. Det arkeologiske arbeidet har som siktemål å sikre den vitskaplege kjeldeverdien til det berørte kulturminnet, og evt.

ytterlegare kunnskap om etableringa og utstrekkinga av dreneringsgrøftene. Sjå vedlagt prosjektplan frå NIKU for meir informasjon om gjennomføringa av det arkeologiske arbeidet.

Viser ellers til prosjektplan og budsjett, datert 23.06.2023, som er lagt ved dette brevet.

Grunngjeving for tiltaket

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg tekne vare på og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan likevel gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

Fylkesdirektøren vurderer det som svært viktig at ruinen på Avaldsnes vert restaurert, tilrettelagt og formidla på ein god måte. I dette arbeidet er «vannvegen» i søndre ruindel eit svært spesielt innslag og som er høgst formidlingsverdig! Det er viktig at denne blir sikra, og vi vurderer at dei no omsøkte tiltaka (1-3) er tiltak som vil vere med å sikre god drenering for «vannvegen».

Tiltak 4 vil også vere ei god løysing for dreneringsproblematikken ved område 4.

I denne saka har vi lagt vekt på at dette er tiltak som vil vere nødvendige for best mogleg sikring og framtidig bevaring av desse delane av ruinen.

Etter ei samla vurdering har vi i denne saka gitt dispensasjon for tiltaka det er søkt om, i samsvar med vedtaket over.

Dersom det under gjennomføringa av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei løyvet gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan ha innverknad på desse. Rogaland fylkeskommune skal varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd, og vi avgjer snarast råd og seinast innan 3 veker om arbeidet kan halde fram, og eventuelt på kva vilkår.

Forholdet til anna lovverk

Dersom tiltaka krev tillating etter anna lovverk, må søkar sjølv sørge for dette, før tiltaket kan gjennomførast.

Framdrift og gjennomføring

Tiltaket skal gjennomførast i tråd med søknaden. Større endringar som er knytt til det tiltaket det er søkt om, krev ny søknad. Tiltaket kan starte så snart de har motteke dette brevet.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker etter at du har motteke dette brevet, jf. Kulturminnelovens § 8 første ledd tredje punktum. Klagen skal då stilast til Riksantikvaren som er klageinstans, men sendast til oss, gjerne på e-post til firmapost@rogfk.no Dersom vi ikkje tek klagen til følge, vert den sendt vidare til Riksantikvaren. Dei avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål kan du kontakte saksbehandlar Angunn Skeiseid på telefon 51 51 68 56 eller på e-post angunn.skeiseid@rogfk.no

Løyvet gjeld berre dei tiltaka det er søkt om.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Riksantikvaren
NIKU
Arkeologisk museum UiS

Vedlegg:
Prosjektplan og budsjett, NIKU datert 23.06.2023
Vedtak i mh av Kml §10.
Kart, automatisk freda kulturminne ID 34379- 6
Notat - dreneringsplan

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.